



Formidlingsplan 2026–2030

1. INNLEIING

Formidlingsarbeidet skal byggje på internasjonale og nasjonale lover, føringar og praksis på museumsfeltet generelt, og Valdresmusea sin strategi spesielt.

ICOMs etiske regelverk

Valdresmusea sitt formidlingsarbeid er forankra i definisjonen og dei etiske retningslinene frå Det internasjonale museumsforbundet (ICOM):

- *«Eit museum er ein ikkje-kommersiell, permanent institusjon i samfunnet si teneste, som forskar på, samlar, konserverer, fortolkar og formidlar materiell og immateriell kulturarv. Musea er opne, tilgjengelege og inkluderande, og fremjar mangfald og berekraft. Dei legg til rette for brei deltaking og tilbyr varierte opplevingar for utdanning, underhaldning, refleksjon og deling av kunnskap.»*
- *«Musea har plikt til å utvikle sin folkeopplysningsrolle og nå eit breiare publikum frå lokalsamfunnet og regionen dei tener.»*
- *«Musea skal samhandle med lokalsamfunnet og arbeide for å fremje lokal natur- og kulturarv.»*

Stortingsmelding: Ting, tillit og tid

Musea er ein del av den demokratiske infrastrukturen. I stortingsmeldinga frå 2021 blir berekraft, inkludering og deltaking løfta fram som sentrale tema:

- Formidlinga skal opplevast relevant og interessant for alle brukarar.
- Musea må utfordre seg sjølve på å nå breitt ut.
- Musea skal ta del i aktuelle samfunnsdebattar.
- Relevant formidling skal byggje på samspel og aktiv dialog med brukarane.

Musea skal ha fagleg fridom og kunne stille kritiske spørsmål til både fortid og samtid – med armlengds avstand til offentlege styresmakter.

Berekraftmåla og formidling

FNs 17 berekraftmål skal ligge til grunn for museet si verksemd. I formidlinga vil Valdresmusea særleg bidra til:

- God helse og livskvalitet (mål 3)
- God utdanning (mål 4)
- Mindre ulikheit (mål 10)
- Berekraftige byar og lokalsamfunn (mål 11)
- Ansvarleg forbruk og produksjon (mål 12)



Valdresmuseas strategi

Valdresmusea skal bli det fremste museet i landet i arbeidet med levande tradisjonskultur. Satsingsområde er folkemusikk og folkedans, bunad og folkedrakt, bygningsvern og stølskultur. Valdresmusea skal vere limet og lupa – og utgjere ein forskjell for menneske, samfunn og levande tradisjonskultur.

Kva er museumsformidling?

Formidling er på mange måtar det endelege målet for verksemda i arkiv og museum, og rører ved arbeidskvardagen til alle tilsette. Den fungerer som bindeledd mellom museet og publikum, og skjer på ulike nivå, plattformer og gjennom varierte uttrykksformer.

Museumsformidling handlar grunnleggjande om å setje kunnskap om ein prosess, gjenstand, verk eller arkiv inn i ein kontekst som gir meining, innhald og oppleving for ulike målgrupper. I dette perspektivet ligg formidling tett opp mot kunnskapsproduksjon. Formidlinga er ofte forskingsbasert, spesielt i større prosjekt som utstillingar, restaurering og tekstproduksjon til katalogar og artiklar. Samtidig må kunnskap tilpassast både breie publikumsgrupper og meir spesifikke målgrupper.

Museet formidlar også gjennom foredrag, konsertar, publikasjonar og arrangement – både i eigen regi og i samarbeid med andre aktørar. Formidlinga skjer òg i butikk og kafé, på nett og utanfor skigarden. Museet har også ei viktig rolle som festivalarena og kulturhus lokalt.

All formidling skal vere fagleg forankra og ta omsyn til bevaringsmessige prinsipp.

Organisering av arbeidet

Formidlingsgruppa ved museet har ansvar for det faglege utviklingsarbeidet innan formidling. Utøvande formidling blir utført av fast tilsette, sommartilsette, innleigde instruktørar og samarbeidspartnarar.

Formidlinga skjer på både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Valdresmusea bidreg aktivt til utvikling av feltet gjennom nasjonale nettverk og satsingar, som til dømes samfunnsrolleaktørarbeidet – eit område der museet har vore ein sentral aktør.

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) har eigen formidlingsplan.

Visjon for formidlinga

Valdresmusea har som mål å opne dørene breiare og auke tilgangen for alle – uavhengig av bakgrunn, funksjonsevne eller målgruppe. I ei stadig meir digitalisert verd kan den fysiske formidlinga i musea få ny kraft og bli ein viktig motvekt. Vi skal skape rom for fellesskap og refleksjon – der alle kjenner at dei høyrer til.



2. PERSPEKTIV OG TEMA

Formidlinga skal gjere Valdresmusea til attraktive arenaer for kunnskap, refleksjon, oppleving og sosial samhandling – med utgangspunkt i bygdeerfaringar. Museet skal løfte fram sine fagområde og arbeide med inkludering, mangfald og berekraft som gjennomgåande perspektiv.

Bygge kunnskap

Museet skal vere ein arena for deling av påliteleg kunnskap knytt til ein sterk og levande tradisjonskultur, og sikre integrasjon mellom forskning, forvaltning og formidling.

Prioriterte tiltak:

- Vidareføre formidling av bygningsvern, bunad, folkemusikk og -dans og lokalhistorie
- Styrke formidlinga av støl/utmark, mellomalderkyrkjer og 2. verdskrigen
- Sikre at formidlinga står i tett berøring med forskingsarbeidet

Skape refleksjon

Museet skal vere arena for samfunnsdebatt, kritisk refleksjon og meningsfulle fellesskap.

Prioriterte tiltak:

- Stille spørsmål om kva som står på spel i lokalsamfunnet og verda
- Invitere til samtale om livsval, deltaking og samfunnsutvikling
- Tilby formidlingsopplegg knytt til gjenbruk, reperasjon og berekraft

Skape oppleving

Museet skal tilby opplevingar som rører, engasjerer og talar til heile sanseapparatet. Folk hugsar ikkje nødvendigvis kva vi seier – men korleis vi får dei til å føle seg.

Prioriterte tiltak:

- Utvikle tilbod som skaper magiske, autentiske og meningsfulle opplevingar
- La formidlinga handle om folk
- Invitere til opplevingar som bidrar til god helse og livskvalitet
- Innføre større bruk av heile sanseapparatet i formidlinga, til dømes ved å skaffe fleire bruksgjenstandar der publikum kan ta på og prøve sjølv, smake, lukte, lytte, danse, osb.



Møteplass for sosial samhandling

Museet skal vere ein inkluderande møteplass for tradisjonsoverføring og dialog.

Prioriterte tiltak:

- Vidareutvikle handverks- og folkemusikkformidlinga som møtepunkt for utøvarar
- Skape gode møteplassar og aktiv dialog med brukarane
- Legge vekt på arbeid som fremjar mindre ulikheit
- Utvikle gode system for fleire frivillige i formidlinga

3. FORMIDLINGSTILBOD

Sommarsesong

Museet skal vere det fremste museet i landet i arbeidet med levande tradisjonskultur, og friluftsmuseet er hovudarena sommarstid.

Prioriterte tiltak:

- Styrke satsinga på sanseopplevingar (visuelt, lyd, lukt, smak, kjensler)
- Legge til rette for dialog, deltaking og møte med rollemodellar
- La handverkarar og sommartilsette få bidra til å utvikle gode formidlingstilbod
- Utarbeide heilskapleg plan for forvaltning og formidling i friluftsmuseet

Utstillingar

Utstillingane skal vere forskingsbaserte, lokalt forankra, utfordre i tematikk og ha høg visuell kvalitet.

Prioriterte tiltak:

- Krigshistorisk utstilling på Bagn Bygdesamling
- Utarbeide katalog for dei faste utstillingane
- 2–4 små/temporære utstillingar kvart år
- Dokumentere temporære utstillingar med tekst og bilete
- Prioritere tilgjengelegheit og sanseopplevingar
- Bygge kunnskap opp mot satsingsområda



Skuleopplegg

Tilboda skal støtte kompetansemåla i skuleverket. Målet er å bidra til inkludering, engasjement og livskvalitet, kunnskap om lokalhistoria og rekruttering til tradisjonshandverket.

Prioriterte tiltak:

- Aktualisere lokalhistoria gjennom møte med profesjonelle tradisjonshandverkarar og kulturarvsformidlarar
- Nyttiggjere aktivitetsbasert formidling der det gir best fagleg utbytte
- Invitere til samtale om lokalsamfunnsutvikling, livsval, utanforskap og deltaking
- Løfte elevane som bidragsytarar til museet og framtidige generasjonar

Kursverksemd

Museet har lang tradisjon for kurs i folkemusikk og -dans og tradisjonshandverk. Museet er også arena for bunadsopplæring, kulturskular og festivalar.

Prioriterte tiltak:

- Vidareutvikle kursverksemda, og utvide kurstilbodet til også å gjelde støls- og matkultur og nyttevekstar
- Fremje haldningar til gjenbruk og berekraft
- Vidareutvikle Valdresmusea som arena og ressurscenter innan tradisjonsfaga

Arrangement

Museet skal gjennomføre minst 150 arrangement per år, og tilby eit variert program i samarbeid med t.d. organisasjonsliv og festivalar.

Prioriterte tiltak:

- Auke talet på arrangement som trekk mange besøkande
- Vidareføre satsing på foredrag og fagseminar
- Vere arena for konsertar, i samarbeid med festivalar

Tilbod for grupper

Museet skal tilby kunnskapsbaserte omvisingar og foredrag – både annonserte og på bestilling – på og utanfor museumsanlegga.

Prioriterte tiltak:

- Vidareutvikle omvisingstilbodet på alle museumsanlegg – heile året
- Inngå samarbeid om formidling utanfor museet for å styrke kulturopplevingar i Valdres



Digital formidling

Digital formidling er viktig for kunnskapsdeling, marknadsføring og berekraft. Det gir tilgang til opplevingar for dei som ikkje kan eller vil reise.

Prioriterte tiltak:

- Produsere og spreie filmar som engasjerer og som formidlar satsingsområda
- Produsere fleire nettutstillingar basert på innhald i Digitalt Museum
- Skape digitale møteplassar og stimulere til brukardialog og digitale dugnadar

Publikumsmottak, kafé og museumsbutikk

Det skal vere ein tydeleg samanheng mellom museet sine satsingsområde og det publikum møter i resepsjon, kafé og butikk.

Prioriterte tiltak:

- Fremje godt vertskap, dialog, mangfald og inkludering
- Tilby produkt og mat basert på tradisjonskunnskap, lokale råvarer og berekraft

Publisering

Museet skal presentere forking og meiningsstoff gjennom artiklar, kronikkar og debattinnlegg i ulike medium. All publisering skal vere påliteleg og ansvarleg.

Prioriterte tiltak:

- Gi ut minst éin publikasjon årleg basert på arkiv eller samlingar
- Bruke museet sitt eige ISBN-nummer og redaksjonsnemnd ved bokutgiving
- Publisere alle fagartiklar og kronikkar på Digitalt Museum med lenke frå nettsida
- Publisere alle filmar på YouTube med lenke frå nettsida



5. AUKA BESØK OG TILGJENGELIGHET

Besøkstal

Valdresmusea har som mål å nå 100 000 besøkande innan 2030. For å lykkast med dette må museet nå ut til nye publikumsgrupper, skape gjentakande besøk og bygge sterke samarbeid.

Prioriterte tiltak:

- Sikre at fleire nyttar museet sine formidlingstilbod
- Auke talet på arrangement og besøksstader gjennom ulike samarbeid, t.d. organisjonar, festivalar, opne stolar og mellomalderkyrkjer
- Arbeide systematisk med statistikk og analyse av både fysiske og digitale besøkstal

Målgrupper

Museet ønskjer å nå a) Kultur- og kunnskapsinteresserte frå fjern og nær, b) barn og unge, c) lokalbefolkning og deltidsinnbyggjarar, d) personar som i dag står utanfor kjernepublikummet, e) tilreisande med interesse for autentiske opplevingar.

Prioriterte tiltak:

- Utarbeide analysar og tiltak for å forstå gjestenes behov
- Vere emosjonelt vakne og lyttande i møte med publikum
- Styrke samarbeidet med t.d. FOU-sektoren, turoperatørar og organisasjonsliv

Opningstider

Tilgjengelege arenaer krev opningstider som samsvarer med publikums behov, samtidig som ressursbruk må balanserast.

Prioriterte tiltak:

- Valdres Folkemuseum skal vere helgeope heile året
- Bagn og Bautahaugen skal vere sommarope og nyttast til arrangement gjennom året
- Opningstider skal vere lett tilgjengelege på alle plattformer og arenaer

Prisar

Prisnivået skal spegle tilbodet og støtte målet om berekraft og inkludering.

Prioriterte tiltak:

- Barnehagar og skular skal fritt kunne bruke museet til leik og læring, med aktiv dialog frå museumstilsette. Det vil kunne vere unntak dersom organiseringa krev tilleggskostnader
- Kulturskular skal fritt kunne bruke lokalar og amfiscene ved Valdres Folkemuseum



- Gratis inngang for grupper frå asylmottak, tilrettelagte tenester og sjukeheimar
- Samarbeid om rabattordningar, pakkeløysingar og andre prisinitiativ

Marknadsføring og synlegheit

Museet skal styrke synlegheit og publikumsbygging gjennom marknadsføring, pressearbeid, kundepleie, skilting og informasjonsmateriell.

Prioriterte tiltak:

- Styrke den kommersielle marknadsføringa gjennom film, annonsar og innhaldsmarknadsføring på relevante plattformer
- Styrke omdømmebygginga gjennom film, kronikkar, podcastar og anna innhald på relevante plattformer
- Sende ut pressemeldingar og styrke kontakta med relevante tidsskrift og aviser
- Sende ut jamlege nyheitsbrev og bygge abonnementsbaserte interessegrupper
- Legge til rette for betre informasjon inne på museumsområda (skilt og infoskjermar)
- Styrke kontakta med turoperatørar

Visuelt uttrykk

Museet skal halde høg standard for det visuelle uttrykket.

Prioriterte tiltak:

- Revidere grafisk profil med malar for skilt, trykte og digitale medium
- Innføre ny, einsarta skilting i friluftsmuseet (VFM)
- Systematisk gjennomgang av alle antikvariske hus

Språk

Tilgjenge handlar også om språk. Museet skal kommunisere på eit språk folk forstår – klart, inkluderande og tilpassa målgruppa.

Prioriterte tiltak:

- Nynorsk skal vere hovudspråk. Utstillingstekstar og katalogar skal også vere på engelsk, og andre språk vurderast ved behov
- Unngå abstrakt språk og forklare faguttrykk og framandord
- Alle tekstar til utstillingar, kronikkar og publikasjonar skal gjennom språkvask



Universell utforming og sosial inkludering

Om lag 20 % av befolkninga har ei form for funksjonsnedsetjing. Museet skal vere tilgjengeleg for flest mogleg – fysisk, digitalt og innholdsmessig.

Prioriterte tiltak:

- Kartlegging og tiltaksplan for alle arenaer
- Deltaking i INKLU og bruk av Riksantikvaren sin prosessretteleiar for universell utforming
- Universell utforming skal integrerast i planlegging av nye prosjekt og utstillingar
- Alternativ formidling for rom med dårleg fysisk tilgjenge
- Universell utforming av utstillingar, nettsider og innhald i sosiale medium
- Sikre mangfald og representasjon i formidlinga gjennom ei ekstern innspelsgruppe
- Mikrofon og teleslynge skal vere standard ved arrangement og vurderast ved omvisingar

Ansvarleg forbruk i formidlinga

Museet skal halde høg standard når det gjeld ansvarleg forbruk i formidlinga.

Prioriterte tiltak:

- Bruke tradisjonshandverk og grønne løysingar der det er mogleg
- Tilby produkt og mat basert på tradisjonskunnskap, lokale råvarer og berekraft
- Synleggjere at vi praktiserer ansvarleg forbruk

7. KOMPETANSEHEVING

Kvaliteten på formidlinga er avhengig av god opplæring og fagleg utvikling. Museumsfeltet og samfunnet rundt er i stadig endring, noko som krev at vi stadig utviklar kompetansen i staben.

Prioriterte tiltak:

- Legge til rette for vidareutdanning, kurs og deltaking i relevante nettverk for eigne tilsette, t.d. i folkedialog, publikumsutvikling, museumspedagogikk, utstillingsarbeid, hagestell, kulturhistoriske emne, kunstig intelligens, reels og innholdsmarknadsføring
- Sørge for god opplæring av nye tilsette, vertskap og frivillige, mellom anna ved å vidareutvikle opplæringsseminaret og intranettsida



8. GJENNOMFØRING

Planen som verktøy

Formidlingsplanen skal bidra til å systematisere, samordne og kvalitetssikre Valdresmusea sitt arbeid med kunnskap, oppleving og kommunikasjon.

Denne planen er eit verktøy for styret og dei tilsette, og skal gi retning og synleggjere museets prioriteringar i arbeidet med formidling. Planen angir mål og tiltak for perioden 2026–2030, og skal danne grunnlag for årlege tiltaksplanar.

Tiltaksplanane skal forankrast i formidlingsgruppa før inngangen til nytt år.

Prioritering

Med formidling skal vi nå eit breitt publikum med variert kunnskap og ulike opplevingar, bidra til fysiske og digitale besøk, fremje dialog og kritisk refleksjon, bidra til rekruttering til tradisjonskulturen og skapa ringverknader for menneske og samfunn – lokalt og nasjonalt.

Valdresmusea sitt arbeid med utstilling blir omtala som modig når det gjeld val av tematikk. Gjennom fleire utstillingar har museet vist evne til å formidle kritiske perspektiv og komplekse samanhengar. Arbeid med utstilling er derimot kostnadskrevjande.

Med unntak av revisjon av den krigshistoriske utstillinga på Bagn Bygdesamling, vil ein berre unntaksvis – og utan altfor store kostnader – prioritere arbeid med utstilling.

Gjennom dialog og samtale, foredrag, kurs og seminar markerer Valdresmusea seg lokalt og nasjonalt. Med desse formidlingsgrepa kjem museet tett på publikum og lokalbefolkninga, og museet får ein meir umiddelbar respons på saker som spring ut av samtida. Slik har det vore i mange år allereie. Denne delen av formidlingsarbeidet rommar dessutan eit breitt spekter av uttrykk, og Valdresmusea synest å meistre dei alle.

Valdresmusea vil i perioden prioritere desse utoverretta formidlingsmetodane.

Fagernes 27.1.2026

Anne Marit Noraker
Seksjonsleiar kulturhistorisk seksjon

